Radøy kommune
Manger skule

Elevrepresentant Ida Helen Tømmerbakke

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Silje Vikøren Palmesen | 01.12.2015 |
| Vår: 15/2081 - 15/14284 | silje.vikoren.palmesen@radoy.kommune.no | |

# Referat frå møte i Skulemiljøutvalet Manger skule 30.11.2015

Tilstades:
Bodil Klausen Unneland – foreldrerepr
Ida Helen Tømmerbakke – elevrepr
Preben Oliver Leirvik Helland – elevrepr
Marianne Villanger Lilletveit – repr frå pedagogisk personale
Målfrid Marøy – repr frå «Råd for andre tilsette»
Mona Iversen – SFO leiar
Vibeke Angelskår Erstad – repr frå Radøy kommune
Inger Morken Ellingsen – rektor

Meld forfall:
Geirunn Valdersnes – foreldrerepr (vara kunne heller ikkje møta)
Stine Osa Karlsen – foreldrerepr (vara kunne heller ikkje møta)
Ragna Åsheim Fineid – elevrepr
Janne Erstad – repr frå pedagogisk personale (var kunne heller ikkje møta)

Sak 1: <u>Orientering om det å vera medlem av skulen sitt Skulemiljøutval</u>
Kort orientering ved rektor. Viser til utdelt hefte: «Medlem av skulen sitt samarbeidsutval»

Sak 2: <u>Konstituering</u>
Leiar: Mona Iversen
Nestleiar: Bodil Klausen Unneland

Sak 3: <u>Skuleruta 2016-17</u>
*Vedtak:*
Skuleruta vart vedteken slik Rådmannen sitt framlegg låg føre (identisk med framlegget til rute for Bergen, men elevfri dag 12. september vert flytta til 23. juni).

**Post**
postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

**Kontakt**
Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634

RADØY
den grøne øya

Sak 4: Orientering om reknskap 2015 p.d.d. og budsjett 2016

Kort orientering ved rektor.
Radøy kommune ligg an til å gå ein del millionar i underskot.
Pengar avsett i ubundne driftsfond/disposisjonsfond er inntrekte frå einingane, slik også for Manger skule; med kr 74.962. Me ligg an til eit underskot; uvisst kor stort det vert til slutt. Ei stor vassavgift på 120.000 ca for fleire år, stort overforbruk på vikarar ved korttidsfråvære på 130.000. SFO ligg pr d d med kr 27.000 i pluss. Grunna inntektssvikt fekk alle einingar tidlegare i år regulert budsjetta sine ned; me vert no fakturerte med kr 15.000 pr halvår for lærlingar og kr 21.000 er tatt vekk frå innkjøp læremidlar/skulemateriell.
Budsjett 2016: nytt av året er at økonomisjefen har hatt møte med alle einingsleiar og sett opp budsjettet for kvar eining. Så langt ser det ut som drifta for Manger skule kan verta om lag som 2015.
På investeringsbudsjettet har Rådmannen føreslege 2,5 millionar til rehabilitering/oppussing av garderobeanlegget og gymsalen på Manger skule i 2016. Bygging av heilt ny gymsal er estimert til å koste mellom 12 og 14 mill kr, noko det er vanskeleg å finne rom for i økonomiplanperioden.

Sak 5: Garderobetilhøva for SFO

Med over 50 born og 8 vaksne er garderobetilhøva for SFO på Gamleskulen ikkje lenger tilfredsstillande. For å få nok knaggar til alle, må ein del elevar ha garderoben sin inne på toaletta, rett att med sjølve toalettet. Dette er sjølvsagt ikkje optimalt, og foreldre har, naturleg nok, reagert på dette.
*Vedtak:*
Rektor sender skriv om stoda til Radøy kommune – drift og forvaltning, og ber om at plassmangelen vert sett på. Kan det vera eit alternativ med ei barakke?

Med helsing

| | |
|---|---|
| Inger Morken Ellingsen | Silje Vikøren Palmesen |
| Rektor Manger skule | sekretær Manger skule |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Elevrepresentant Ida Helen Tømmerbakke | | | |
| Elevrepresentant Preben Oliver Lervik Helland | | | |
| Elevrepresentant Ragna Åsheim Fineid | | | |
| Foreldrerepresentant Bodil Klausen Unneland | Toskavegen 7B | 5936 | MANGER |
| Foreldrerepresentant Geirunn Valdersnes | Selfallet 105 | 5936 | MANGER |
| Foreldrerepresentant Stine Osa Karlsen | Dalland 40 | 5936 | MANGER |
| Rektor Inger Morken Ellingsen | | | |
| Repr. frå "Råd for andre tilsette" Målfrid Marøy | | | |
| Repr. frå pedagogisk personale Janne Erstad | | | |
| Repr. frå pedagogisk personale Marianne Villanger Lilletveit | | | |
| Repr. frå Radøy kommune Vibeke Angelskår Erstad | | | |
| SFO-leiar Mona Iversen | | | |